

02.09.2009

Uskedeling vart årets Rema-kjøpmann

Uskedelingen Møyfrid Tysdal er kåra til årets Rema-kjøpmann. Kåringa fann stad då over 600 kjøpmenn var samla i Trondheim sist helg. Møyfrid driv Rema 1000-butikk i Laksevåg Senter i Bergen. I Bergensavisen blir ho presentert under tittelen OLDEMOR TIL TOPPS og seier at dette er det største ho har opplevd ved sida å bli mor.

Vekst gjennom fleire år og eit positivt og offensivt fokus er hovedårsak til at Møyfrid tok prisen. Ho har hatt vekst i omsetnaden kvart einaste år og klart å utnytta nye mogelegheiter heile vegen.

-Ho har engasjert familien sin i drifta, noko som gjer at engasjementet og lojaliteten er svært høg. Ho driv, i ekte Rema-ånd, ein skikkeleg verdidreve butikk, der både ansatte og kundar trivst, seier regiondirektør Eirik Fuglum.

Møyfrid var 13 år på Hansa før ho kom til Rema. Ho starta si Rema-karriere i 1989 på Danmarks plass og opna butikken på Laksevåg i 2001. Møyfrid har ein årleg omsetnad på 130 millioner kroner og 30 ansatte.

Uskedelingen meiner det aller viktigaste er å vera til stades.

- Eg er her for sjefen vår, og det er kundane, slår ho fast og legg til at det også er heilt naudsynt å vera på plass saman med dei ansatte.

Årets Rema-kjøpmann seier at Hansa var ein flott arbeidsplass der ho lærte mykje og at ho eigentleg ikkje hadde tenkt seg å vera kjøpmann. Men det var før ho hadde truffe nokon Rema-kjøpmenn. Det såg ut som dei hadde det festleg og Møyfrid har aldri angra på at ho tok sjansen.

Sonen og svigerdottera er med i butikken. Uskedelingen fortel om lange og hektiske arbeidsdagar og seier at jobben har vorte ein livsstil.

- Kva med løna?

- Du får den løna du fortener.

Ole Robert Reitan uttaler at Møyfrid har sett sitt preg på region vest gjennom 20 år og at hennar lojalitet og tru på konseptet er unik. Ho er alltid lojal mot det som blir vedteke og er ein ekte kremmar, seier sjefen.

Av Ola Matti Mathisen